



ULSTEIN KOMMUNE



Prosjektmandat

Skulesamanslåing

av

Ulstein skule – Ulsteinvik barneskule

19.09.2025

www.ulstein.kommune.no

Innhold

1 Bakgrunn	2
2. Målsettingar	2
3. Arbeidsgrupper og ansvarsområde	3
4 Organisering av arbeidet	3
4.1 Styringsgruppe	4
4.2. Prosjektleder	4
5 Arbeidsgrupper	5
5.1 Arbeidsgruppe trafikktryggleik	5
5.2 Arbeidsgruppe overgang elevar og tilsette	5
5.3 Arbeidsgruppe personalarbeid	5
6. Rapportering og kommunikasjon	6

1 Bakgrunn

I kommunestyremøte 11. september 2025 vedtok Ulstein kommunestyre å slå saman barneskulane i Ulstein og Ulsteinvik skulekrins frå 1. august 2026. Vedtaket markerer starten på eit viktig utviklingsarbeid for grunnskulen i kommunen, med mål om å samle ressursar, styrke fagmiljøet og sikre eit framtidsretta og robust skuletilbod for elevar og tilsette.

Samanslåinga skal omfatte både elevar og tilsette ved dei to skulane, og inneber ei organisatorisk og pedagogisk integrering som skal leggje til rette for god kvalitet i undervisninga, eit inkluderande skulemiljø og effektiv bruk av kommunale ressursar.

2. Målsettingar

Prosjektet har som mål å danne grunnlaget for planlegging og gjennomføring av samanslåingsprosessen, og sikre at arbeidet skjer i tråd med vedtak i Ulstein kommunestyre 11. september 2025, der følgjande mål ligg til grunn:

- Ulstein skule og Ulsteinvik barneskule skal slåast saman frå 1. august 2026.
- Trafikktryggleiken ved skulane i sentrum skal vere fullt tilfredsstillande frå same dato.
- Det skal etablerast skuleskyss mellom Ulstein og sentrumsskule for elevar som ønskjer det, inntil tre år, fram til gang- og sykkelveg er etablert.
- Det skal startast ein prosess for å endre skulekrinsgrensene i tråd med samanslåinga.
- Naudsynte innsparingar kan vurderast gjennom reduksjon i stillingar i skule- og kultursektoren, med minst mogleg inngripande tiltak og med mål om å oppretthalde kvalitet og trygge rammer for elevar og tilsette.

3. Arbeidsgrupper og ansvarsområde

For å sikre god framdrift og brei involvering i arbeidet med samanslåinga, skal det etablerast tre arbeidsgrupper med følgjande hovudoppgåver:

Arbeidsgruppe trafikktryggleik skal vurdere og planleggje nødvendige tiltak for trygg ferdsel og fysisk tilrettelegging rundt skuleområdet i sentrum. Dette omfattar løysingar for av- og påstiging ved skuleskyss, soner for levering og henting av elevar, samt parkering for tilsette. Arbeidsgruppa skal bidra til å sikre at trafikktryggingssituasjonen er fullt tilfredsstillande innan 1. august 2026, i tråd med kommunestyret sitt vedtak.

Arbeidsgruppe overgang elevar og tilsette skal planleggje og gjennomføre tiltak som sikrar ein god overgang for elevar og tilsette ved samanslåinga. Dette omfattar mellom anna felles kulturbygging, pedagogisk samordning, informasjon og tiltak for å ivareta elevane sin tryggleik, trivsel og faglege utvikling gjennom prosessen.


Arbeidsgruppe personalarbeid skal arbeide med personalrelaterte spørsmål knytt til samanslåinga, som informasjon, medverknad og organisering av arbeidssituasjonen for tilsette. Arbeidsgruppa skal sikre at prosessane skjer i tråd med arbeidsmiljølova og gjeldande avtalar og i samråd med fagforbund.

4 Organisering av arbeidet

Prosjektet blir organisert med ei overordna styringsgruppe som har det øvste ansvaret for å sikre at samanslåingsprosessen skjer i tråd med kommunestyret sitt vedtak. Styringsgruppa følgjer opp framdrift, kvalitet og involvering, og tek stilling til overordna spørsmål og avklaringar undervegs.

Under styringsgruppa er det ein prosjektleiar som har ansvar for å koordinere arbeidet på tvers av arbeidsgruppene, sikre god informasjonsflyt og støtte gjennomføringa av prosjektet. Prosjektleiar skal utarbeide framdriftsplan for prosjektet.

Det blir etablert tre arbeidsgrupper med egne ansvarsområde. Leiarane for arbeidsgruppene har ansvar for at det blir rapportert status og framdrift til styringsgruppa i tråd med framdriftsplanen:



4.1 Styringsgruppe

Styringsgruppa har det overordna ansvaret for å sikre framdrift, innhald og positiv effekt av arbeidet med prosjektet sine målsettingar.

Styringsgruppa skal rettleie og gi synleg støtte til prosjektleiar. Bidra til samhandling på tvers i organisasjonen, og til å integrere prosjektet i dei aktuelle einingane i organisasjonen. Styringsgruppa skal sette av ressursar og prioritere arbeidet i samsvar med planar som blir vedtekne.

Styringsgruppa skal effektivt ta avgjersler og sikre god kommunikasjon innanfor gruppa, mot prosjektet og ut mot eksterne interessentar.

Styringsgruppa kallar inn prosjektleiar/arbeidsgruppe i leiargruppemøter ved behov, for statusoppdatering og ved eventuelle justeringar av mandat eller arbeidsoppgåver.

Styringsgruppa består av leiargruppa i kommunen i tillegg til hovudtillitsvalde og verneombod:

Tittel	Arbeidsstad	Navn
Kommunedirektør	Ulstein kommune	Jarl Martin Møller
Kommunalsjef oppvekst og kultur	Ulstein kommune	Karen Strand
Kommunalsjef organisasjon og utvikling	Ulstein kommune	Monica Cecilie Torp

Kommunalsjef Helse og omsorg	Ulstein kommune	Kristin Vik
Kommunalsjef Teknisk	Ulstein kommune	Arne Runar Vik
Personalleiar	Ulstein kommune	Kari Riise
Økonomileiar	Ulstein kommune	Steinar Nummedal
Hovudtillitsvald Utdanningsforbundet	Ulstein kommune	Anja Ertesvåg
Hovudtillitsvald Fagforbundet	Ulstein kommune	Hilde Ringen Hofseth
Hovudtillitsvald Delta	Ulstein kommune	Vivian Bergseth Ramstad
Hovudverneombod	Ulstein kommune	Hege Nygjerde Sætre

4.2. Prosjektleiar

Prosjektleiar skal definere oppdraget gjennom mandat og følge opp arbeidsgruppene. Har ansvar for utarbeiding av overordna mandat og framdriftsplan.

Tittel	Arbeidsstad	Navn
Kommunalsjef oppvekst og kultur	Ulstein kommune	Karen Strand

5 Arbeidsgrupper

Arbeidsgruppene har det operative ansvaret for å setje i verk og gjennomføre tiltak som bidreg til at prosjektet lykkast med å nå måla, innanfor prosjektet sitt mandat og framdriftsplan. Arbeidsgruppa skal evaluere og gjennomføre nødvendige forbetringar undervegs.

Arbeidsgruppene vurderer behov for etablering av mindre prosjektgrupper for å svare ut/gjennomføre ulike arbeidsoppgåver.

Leiar har ansvar for at det vert rapportert status og framdrift til styringsgruppa.

5.1 Arbeidsgruppe trafikktryggleik

Tittel	Arbeidsstad	Navn
Kommunalsjef teknisk (leiar)	Ulstein kommune	Arne Runar Vik
leiar for plan- og bygningsavd.	Ulstein kommune	Anita Sundnes
Planleggar	Ulstein kommune	Cecile Roppen
leiar for anleggs- og driftsavdelinga	Ulstein kommune	Harald Øvereng
Konsulent oppvekst	Ulstein kommune	Ole Terje Sukka
Ingeniør oppmåling/GIS	Ulstein kommune	Vegard Ertesvåg

5.2 Arbeidsgruppe overgang elevar og tilsette

Tittel	Arbeidsstad	Navn
Skulefagleg rådgjevar (leiar)	Ulstein kommune	Marianne Ulstein Johnston
Kommunalsjef oppvekst og kultur	Ulstein kommune	Karen Strand
Konsulent oppvekst	Ulstein kommune	Ole Terje Sukka
Rektor Ulstein skule	Ulstein kommune	Norunn Velsvik
Rektor Ulsteinvik barneskule	Ulstein kommune	Synnøve Haug
Ass. Rektor Ulsteinvik barneskule	Ulstein kommune	Ole-Jacob Arnesen
Fagansvarleg kvalitet og beredskap	Ulstein kommune	Alf Marius Grønnevik
Tillitsvald UDF Ulstein skule	Ulstein kommune	Liz Torine Enerhaug

Tillitsvald UDF Ulsteinvik barneskule	Ulstein kommune	Hilde Aarsand Vik
Verneombod Ulstein skule	Ulstein kommune	Hans Olav Vattøy
Verneombod Ulsteinvik barneskule	Ulstein kommune	Birthe Holstad Urke
Tillitsvald Fagforbundet Ulsteinvik bsk.	Ulstein kommune	Inger Lise Haddal
Tillitsvald Delta Ulsteinvik barneskule	Ulstein kommune	Orla Jane Kleven
Tillitsvald Fagforbundet Ulstein skule	Ulstein kommune	Linda Pedersen

5.3 Arbeidsgruppe personalarbeid

Tittel	Arbeidsstad	Navn
Personalleiar (leiar)	Ulstein kommune	Kari Riise
Kommunalsjef oppvekst og kultur	Ulstein kommune	Karen Strand
Skulefagleg rådgjevar (leiar)	Ulstein kommune	Marianne Ulstein Johnston
Personalkonsulent	Ulstein kommune	Cato Hansrud
Personalkonsulent	Ulstein kommune	Mari Vikanes
Hovudtillitsvald UDF	Ulstein kommune	Anja Ertesvåg
Hovudverneombod	Ulstein kommune	Hege Nygjerde Sætre
Representant frå organisasjon og utvikling	Ulstein kommune	

6. Rapportering og kommunikasjon

Ein legg opp til at arbeidsgruppa skal rapportere/orientere til; styringsgruppa, leiarmøte oppvekst, og levekårsutvalet.

I tillegg vil det vere naturleg å offentleggjere dokumentasjon og utvikling i arbeidet på kommunen sine nettsider for å sikre ein gjennomsiiktig prosess.